



Vestnes, 19.01.2007

Vår ref.
000404/07

Saksnr.
05/00045

Dykkar ref

Arkivkode
542

Saksbehandlar
Rune Håseth

REGLEMENT TENESTETELEFON

VEDTEKE I ADM.STYRE DEN 05.02.2007

GJELD FRÅ 01.01.06.

1. VIRKEOMRÅDE

Føremålet med reglementet er å regulere tilståing av tenestetelefonordning i Vestnes kommune. Det skal sikre at arbeidsgjevar har ei mest mogleg lik behandling med rom for individuelle tilpasningar, samt at godtgjersle og all oppfølging for øvrig er i samsvar med gjeldande skattereglar.

Reglementet gjeld for tilsette og folkevalde i Vestnes kommune.

2. HEIMEL/GYLDIGHEIT

Sjå kap. 5.16 i KS si personalhandbok.
Reglementet gjeld frå 01.01.2007

3. MYNDE

Telefonordning vert innvilga av administrasjonssjefen og driftsleiarar.
Ein arbeidstakar kan få tenestetelefon når dette er nødvendig av omsyn til arbeidet i kommunen. Arbeidstakar aksepterer at namn og telefonnummer kan førast opp i telefonkatalogen under aktuell eining.

4. MOBILTELEFON/BREIBAND (ADSL)

Tenestetelefon vert knytta opp til bruk av mobiltelefon og breiband
Det kan veljast mellom følgjande former:

- Arbeidsgjevar held mobiltelefon som den tilsette disponerer. ALT 1
- Den tilsette held mobiltelefon sjølv. ALT 2
- Arbeidsgjevar held mobiltelefon og breiband som den tilsette disponerer ALT 3
- Arbeidsgjevar held mobiltelefon som den tilsette disponerer på dagtid. ALT 4
og som arbeidstakar legg igjen på arbeid etter endt arbeidsdag

5. ØKONOMISK DEKNING

Vi har følgjande former for telefonordning/-godtgjersle:

- Arbeidsgjevar held mobiltelefon som arbeidstakaren disponerer i samband med tenesta, og arbeidstakaren blir sjablongbeskatta med , for tida , kr. 4.000.- /år (fribeløp på kr.1000) ALT 1
- Arbeidstakaren held mobiltelefon sjølv og får kr.1000.-/år ALT 2
- Arbeidsgjevaren held mobiltelefon og breiband som arbeidstakaren disponerer i samband med tenesta, og arbeidstakaren blir sjablongbeskatta med, for tida, kr. 6.000.-/år ALT 3 (fribeløp på kr. 1000.-) Skattebeløpet blir justert etter gjeldande skattereglar.
- Dersom det er ringt for mindre enn kr.5.000.- for ALT 1 og 7.000.- for ALT 3 skal arbeidstakaren sjablongbeskattast for eksakt beløp.(fribeløp på kr. 1000.-)

6. KOMPENSASJON

- Arbeidsgjevar dekkjer skatteskjerpinga til dei tilsette på dei ymse alternativa

7. PRIVAT BRUK AV ARBEIDSGJEVARAS MOBILTELEFON

Arbeidstakar kan nytte arbeidsgjevars mobiltelefon også til private samtaler. Samtaler som ikkje gjeld tenesta, må i alle tilfelle avgrensast.

Dersom årlege utgifter på det enkelte abonnement overstig kr.5.000.- for ALT 1 og kr. 11.000.- for ALT 3 kan arbeidsgjevar vurdere om den tilsette skal dekkje det overskytande.

8. ARBEIDSTAKAR SLUTTAR/PERMISJON

Når arbeidstakar sluttar/har permisjon i meir enn 3 mnd, opphøyrer godtgjersla ved sluttdato/permisjonsdato

Når arbeidsgjevar held mobiltelefon som den tilsette disponerer, vert telefonen å levere tilbake innan sluttdato/permisjonsdato.

9. RUTINER/OVERSIKT OVER MOBILTELEFONBRUKARAR

Sentraladministrasjonen og driftseiningane skal ha dokumenterte rutiner for å halde oversikt over kven som har telefonordning og for å følgje opp endring i høve til behovet for tenestetelefon.
